

Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Att: Hans-Christian Engum

Deres referanse: 2014/1180

### **AD: Høring Regional areal- og transportplan for Bergensområdet**

FFO Hordaland viser til Dekar høringsbrev 23.06.2015. Planen omfattar kommunane: Bergen, Radøy, Meland, Lindås, Askøy, Fjell, Øygarden, Sund, Osterøy, Vaksdal, Samnanger og Os.

FFO Hordaland representerer 54 organisasjonar. Vi tykkjer at universell utforming og tilgjengelighet er viktig for å endre dei menneskeskapte barrierene i samfunnet. FFO arbeider aktivt for eit samfunn som er universelt utforma, slik at menneske med funksjonshemming og kronisk sjukdom kan delta aktivt i samfunnet på ein likeverdig måte. Eit samla Storting har vedteke at Noreg skal være universelt utforma før 2025.

#### **FFO har desse kommentarane til planen:**

Vi saknar omgrepane «universell utforming» og «tilgjengelighet» i planen for å skape eit inkluderande samfunn.

- Ein kan under omgrepet «bærekraftig utvikling» óg ta med universell utforming og tilgjengelighet, i og med at folkehelseperspektivet er tatt med i planen.
- Planen blir betre dersom universell utforming og tilgjengelegheit brukast som eit systemkrav i kvar regionalplan som omfattar fleire kommunar. Då kan ein få til at omgrepet og medvit kring omgrepet auker i det kommande arbeidet med planlegging – som har utspring i Regional areal- og transportplan.
- At ein under dei ulike kapitlane i planen visar til tilgjengelegheit, her under senterstruktur, transport, bustadsområder, næringsbygg, natur og kultur, bør ha som mål at desse områda skal være tilgjengeleg for alle.
- Pkt. 4.4 s. 54 under Retningsliner medverknad: «bør» til «skal»
  1. Pkt.22 « Kommunal planlegging for bustadsbygging *skal* i særleg grad legge til rette for medverknad for eldre, unge og personar med funksjonsevne og utbyggjar».
  2. Pkt. 25. «Kommunane bør prioritere *tilgjengelig* kollektivorientert utbygging...
  3. Pkt. 28.» Kommunane skal gjennom si arealplanlegging sikre kvalitet og legge til rette for universell utforming og tilgjengelighet»
  4. Nytt pkt. «Kommunene bør i utbygning og planlegginga involvere kommunale råd for menneske med nedsatt funksjonsevne i sine kommuner for uttale.

Vonar at dette høyringsinnspelet til Regional areal- og transportplan vil takast omsyn til.

#### **Med helsing**

Leder av interessepolitisk utval, FFO Hordaland

Inge Fiskvik

Fylkessekretær  
Vibecke Magnus

Dokumentet er godkjent elektronisk

Vestre Strømkai 7, 5008 BERGEN. Tlf.: 55 59 68 00/02. Fax: 55 59 68 01

E-post: [ffo@fi-senteret.no](mailto:ffo@fi-senteret.no) [www.ffa.no/hordaland](http://www.ffa.no/hordaland).

Organisasjonsnummer: 971 349 050

kontonummer: 9521.05.08415